

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Frank Kvinge	FA-C00, FE-223	22/350

Saknr	Utval	Type	Dato
067/2022	Formannskapet	PS	31.05.2022

Kulturtiltaksmidler 2022

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Basert på søknadane og vedlagte budsjett innstiller rådmannen på at tilskot vert fordelt slik:

Søkjjar	Tiltak	Dato	Søknadssum	Tilskot
Fjordtun kafé	Kulturarrangement	Heile året	18 000	15 000
Kvingo nærkjøp	Kulturarrangement	Heile året	12 000	15 000
Sleirsfjellet opp/ Risnes IL	Sleirsfjellet opp	4. juni	30 000	20 000
Stordalen oppleving	Kulturarrangement	Heile året	35 000	10 000
Masfjorden amerikansk fotball og cheerleading	Tilskot til drakter	10. juni	15 000	5 000
				65 000
Ikkje tildelt				35 000
SUM			110 000	100 000

Saksopplysningar:

Bakgrunn

I formannskapsmøte 18.11.2014 vart Kraftspela lagt ned. Kraftspela vart etablert i 2005 og gjekk i kommunal regi. Festivalen hadde eit stort og allsidig kulturprogram med brei involvering av lokalt kultur-, nærings- og lagsliv i tillegg til innleigde artistar og aktørar av høgt nasjonalt og internasjonalt kaliber. Som erstatning for Kraftspela ønskte formannskapet å stimulera lokalt lags- og næringsliv, og andre aktørar til å stå som kulturarrangør, slik at ein i kommunen framleis kunne tilby varierte og gode kulturopplevingar. For 2015 vart det sett av kr 150 000 der arrangørar kunne søkja kommunal medfinansiering til slike tiltak gjennom kraftfondbudsjettet. Etter dette har summen vore kr 100 000 pr år.

Fakta

Kulturtiltaksmidlane for 2022 vart kunngjort på kommunen si heimeside/ Facebookside, plakatar på

butikkane i kommunen og i kommunal informasjon i Strilen og i Masfjordingen.
Det har kome inn 5 søknader.

Søklarane er:

1.Fjordtun kafé/ Sandneskaféen v/ Berit Lygre

søker støtte til å driva kaféen som ein kulturkafé. Sidan søker overtok drifta i 2016 har kaféen arrangert ei rekkje konsertar, visekvelder, kunstutstillingar, føredrag, kurs, quizkvelder, språkkaféar for innvandrarakar, seniortreff, kafésjakk/ spelekvelder mm. Lokalet vert også nytta til ulike private samkomer som dåp, konfirmasjon, minnestunder og åremålsfeiring. Kaféen inneheldt i tillegg Skaparkroken der eigaren produserer tekstilbilete og plagg i redesign, og er kommisjonær for andre lokale produsentar av handverksprodukt.

Når det gjeld matsservering legg eigaren vekt på bruk av lokale råvarer og å tilbereda desse både som tradisjonsrettar og i nyare drakt. Sandneskaféen er ein av stasjonane i Kunstrunden Nordhordland, eit samarbeidsprosjekt mellom alle kommunar i regionen der ein søker å leggja til rette for ei reise rundt i distriktet for å bli kjend med det som finst av galleri og utstillingsstader for kunst og kunsthåndverk.Sandneskaféen er også med i IMPULS gründernettnettverk, eit samarbeidsorgan for kvinnelege bedriftsleiarar i Masfjorden og Gulen.

Følgjande arrangement er planlagde i 2022:

*"Natur- og kulturtur i Masfjorden", ein "pakketur på sørsida av Masfjorden: tur til dagsturhytta m/pakkelunsj, vidare til Masfjordnes med omvisning på Masfjorden båt og sjøbruksamling (Nothuset)og Kvamsdals fargereri, tradisjonsmiddag på Sandneskaféen (lokale råvarer) med lett underhaldning til avslutning

*Klesbytedag – eit «berekrafttiltak»i kamp mot bruk- og kast -samfunnet

*Samarbeid m/ «Sommar scena» om utstilling i Kvamsdal fargereri, arbeid av kunstnaren Arne Kåstel og ein serie kulturtilstellingar i samband med dette

*Utekonsert 09.07. med den lokale gruppa Felix

*«Dar fór dampen», kulturkveld med viser, historier og samtalar med utgangspunkt i kommunikasjon i nær og fjernare fortid

*I oktober/november: Kunstutstilling m/ musikalske innslag som markering av at dette er siste året underteikna vil stå for drifta av Sandneskaféen.

*Årleg julemesse med sal av juledekorasjonar i naturmateriale, inntekt til Redd Barna.

Eit tilskot frå Kraftfondet til kulturtiltak, vil i hovudsak gå til ulike utlegg i samarbeid med arrangementa m.a. honorar/ påskjøning , reiseutgifter og mat til innleigde kulturutøvarar.

Sandneskaféen fekk tilskot kr 12000 i 2021

2. Kvingo nærkjøp v/ Kariann Ekren

søker stønad til kulturaktivitetar knytt til Nærbutikken, Snikkarbua kafé & pub og bubilparkering på Kvingo.

Sidan butikken vart starta opp i 2009 har eigar hatt eit stort fokus på å skapa aktivitet i bygda og driva bygdeutvikling for auka livskvalitet, med marknadsdagar, quiz-kvelder, eldretreff, barnearrangement, førjularrangement, konsertar, dansearrangement mm. Eigaren har gjort store investeringar i bygningsmassen rundt butikken. 2017 sto Snikkarbua kafe&pub ferdig. I 2018 fekk bedrifta eige hus til overnattingslokale. I 2019 var storsalen ferdig pussa opp med lydisolasjon, utvida scene og utvida uteplass på nordsida av lokalet. Dette gjer det lettare å halda fleire typar arrangement i kombinasjon med storsalen. I 2020 vart bubilplassen utvida, slik at det er plass til 30 bubilar på området.

Mange av bubilgjestane er interesserte i å nytta seg av naturtilboda i området. Det vert difor arbeidd med å arrangera fellesturar, med felles måltid og sosialt samver etterpå.

Koronaen har sett sett preg på aktiviteten i 2021 og starten av 2022. Likevel er det bubilar på besøk nesten kvar helg, og det har blitt gjennomført fleire mindre arrangement innanfor gjeldande smittevernreglar, og i det siste utan restriksjonar.

Artistar står i kø for å spela i Snikkarbua, og eit kulturtilskot vil mellom anna gå til honorar til artistar. I 2021 hadde verksemda stor suksess med Vamp-arrangementet og meir enn 400 selde billetter.

Grunna stive prisar vil ein venta til 2023 med tilsvarande storarrangement. Det føreligg planar for arrangement og tiltak utover i heile 2022, dansetilstellingar, stand-up, bingokvelder, halloween-fest, ymse julebord, og Vinterlys vinteren 2023.

Kvingo nærkjøp fekk tilskot kr 12000 i 2021.

3. Sleirsfjellet opp v/ Tove Kristin Sleire Tistel

søker stønad til arrangementet som går av stabelen 4. juni. Tilskotet vil sikra eit arrangement av høg kvalitet på alle område. Sleirsfjelletopp vert i år arrangert for 14. gong. Over 300 personar deltek årleg i sjølve motbakkeløpet. I tillegg er det lagt opp til myldring og ulike aktivitetar ved Sleire gamle skule der mange møter opp. Det er eit arrangement som ynskjer å ha fokus på folkehelse, vera ein årleg møteplass og arena som gjev glede, identitet, omdømme og verdiskaping for heile kommunen. Sleirsfjellet opp er det største folkehelsearrangementet i kommunen, og eit viktig arrangement for regionen. Motbakkeløpet var det første i sitt slag i regionen og er det største idrettsarrangementet i Masfjorden (og Gulen). Risnes IL er arrangør og har årleg over 25 frivillige med i arrangementet, myldring og motbakkemoro. Laget har 240 medlemmer.

Sleirsfjellet opp fekk tilskot kr 15000 i 2021

4. Stordalen oppleving

søker stønad til kulturtiltak ved Stordalen fjellstove.

Søknaden er kortfatta og seier ikkje så mykje om planlagt aktivitet og kostnader, men opplyser følgjande:

Gjennomført ungdomsdiskotek og arrangement med levande musikk i påsken.

Kinokveld 30. april.

Elles er det planar om fjellfestival i juli og smalahovefest i oktober, utan nærare spesifisering av innhald.

5. Masfjorden amerikansk fotball og cheerleading

søker stønad til «flaggfotball»-turnering for mellomtrinna i kommunen 10. juni.

Tilskot skal nyttast til innkjøp av «kamp-trøyer» til elevane.

Vurdering

Rådmannen finn det gledeleg at det er interesse blant lag og bedrifter for å stella i stand gode kulturarrangement i kommunen. Det vitnar om tiltakslust og aktive og visjonære ressurspersonar/lag/bedrifter som ønskjer å skapa noko positivt i kommunen vår. Etter at Kraftspela vart avvikla er kommunen si rolle endra frå å vera arrangør til å vera tilretteleggar gjennom å yta tilskot og service til arrangørane. Søknadane har spennvidde og presenterer tiltak som vil gje varierte kulturopplevingar for alle. Dette var også ønskje og målet til formannskapet då tilskotsordninga vart etablert i 2015. I vedtaket vart det ikkje lagt føringar for kvar og når tiltaka skulle gjennomførast, og kor mange tiltak som kunne rekna med støtte. Det viktigaste var at ordninga skulle gje lokale aktørar inspirasjon og støtte til å gå i gang med nyskapande og spennande kulturarrangement, og å vidareutvikla alt det gode ein har frå før.

Fleire av søkjarane er næringsaktørar og har etablert samarbeid med kommunen om tiltak. Med kommunen sin avgrensa kapasitet som kulturarrangør er dette vinn-vinnsituasjonar. Tiltaka vil samla sett gje gode idretts- og kulturtilbod til alle aldersgrupper.

Sleirsfjellet opp er folkehelseiltak av beste sort og eit godt planlagt arrangement som er godt etablert med stort nedslagsfelt.

Kvingo nærkjøp og Fjordtun kafé er etter kvart godt etablerte kulturinstitusjonar og tilbyr arrangement som er med på å styrka deira næringsgrunnlag, samstundes som dei opnar opp for kulturaktivitetar som dei andre laga ikkje tilbyr. Arenaene kan vera ei god scene for lokale utøvarar og eit vertskap for tilreisande som søker kulturtilbod. Etter to år med pandemi er aktiviteten igjen høg, med mange gjennomførte og planlagde kulturarrangement i 2022.

Det kommunale tilskotet skal gå til honorar til utøvarar.

Søknaden til **Stordalen oppleving** seier lite om omfanget av planlagt aktivitet, og særleg med tanke på ein fjellfestival. Denne har tidlegare år vore gjennomført med eit rikhaldig program og med tilskot frå kulturtiltaksmidlane. Det er vanskeleg å tildela midlar utan å kjenna til innhald og omfang av tiltak. Ein ber difor søkjar om ev å koma tilbake med ein spesifikk søknad for fjellfestivalen inkl program og budsjett, og at denne vert handsama separat.

I denne omgang vert det gjeve eit grunntilskot til annan kulturaktivitet ved fjellstova.

Masfjorden amerikansk fotball og cheerleading

sitt planlagde arrangement er ei positiv nyskaping i kommunen vår.

Generelt

Rådmannen meiner det er viktig at alle arrangørane også ser etter andre finansieringskjelder (td Gjensidigestiftelsen, Sparebanken Vest, Eviny m.fl.) slik at inntektssida kan bli styrka. Tilskotsportalen kan og gje gode idear til kvar ein kan henta midlar.

Konklusjon

Basert på søknadane og vedlagte budsjett innstiller rådmannen på at tilskot vert fordelt slik:

Søkjjar	Tiltak	Dato	Søknadssum	Tilskot
Fjordtun kafé	Kulturarrangement	Heile året	18 000	15 000
Kvingo nærkjøp	Kulturarrangement	Heile året	12 000	15 000
Sleirsfjellet opp/ Risnes IL	Sleirsfjellet opp	4. juni	30 000	20 000
Stordalen oppleving	Kulturarrangement	Heile året	35 000	10 000
Masfjorden amerikansk fotball og cheerleading	Tilskot til drakter	10. juni	15 000	5 000
				65 000
Ikkje tildelt				35 000
SUM			110 000	100 000

Formannskapet - 067/2022

FS - behandling:

Rådgjevar for kultur Frank Kvinge møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Basert på søknadane og vedlagte budsjett innstiller rådmannen på at tilskot vert fordelt slik:

Søkjjar	Tiltak	Dato	Søknadssum	Tilskot
Fjordtun kafé	Kulturarrangement	Heile året	18 000	15 000
Kvingo nærkjøp	Kulturarrangement	Heile året	12 000	15 000
Sleirsfjellet opp/ Risnes IL	Sleirsfjellet opp	4. juni	30 000	20 000

Stordalen oppleving	Kulturarrangement	Heile året	35 000	10 000
Masfjorden amerikansk fotball og cheerleading	Tilskot til drakter	10. juni	15 000	5 000
				65 000
Ikkje tildelt				35 000
SUM			110 000	100 000